



## Notat

Dato: 20.12.2016  
Arkivsak: 2016/1940-23  
Saksbehandlar: ROABREI

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Roald Breistein

---

### Partsbrev - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Revisjonsrapport

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 93/16 i møte 14.6.16:

#### «Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Leiaren av kontrollutvalet, **Inge Reidar Kallevåg (H)**, gjorde greie for innhaldet i revisjonsrapporten.

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken

#### Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular i Hordaland» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. At pågåande ulovlege innkjøp ved skulane som er påpeikt i rapporten vert avslutta og gjennomført med konkurranse i samsvar med krava i regelverket. I dette ligg det også:
  - a) At det snarast vert etablert kontrollrutinar ved skulane for å avdekke og følge opp eventuelle brot på rutinar og regelverk i innkjøpsarbeidet
  - b) Å utarbeide prosedyre for innhenting av tilbud frå fleire leverandørar, slik det er lagt opp til i retningslinjene, som einingane kan støtte seg på i gjennomføring av mindre innkjøp.
2. Å utarbeide retningsliner for dokumentasjon og kontroll av kontantsal, og sørge for at kontantsal blir handtert i samsvar med krav i bokføringsforskrifta.
3. Å utarbeide:
  - a) Oversikter over varelager og rutinar for vareteljing
  - b) Oversikter over maskiner og utstyr
  - c) Eit formalisert system for utlån og utleige av maskiner og utstyr
  - d) Oppdaterte retningsliner knytt til utlån, utleige og avhending, og sikre at skulane vert gjort kjende med retningslinene

4. *Å vurdere å innføre retningslinjer knytt til kven som kan kjøpe inn varer ved skulane som omfattar:  
a) Kven som har høve til å kjøpe inn varer og tenester til skulen, kva typar varer/tenester og beløpsgrenser  
b) Krav til kva opplæring dei som har ansvar for innkjøp skal ha*
5. *Å vurdere å setja minimumskrav til opplæring for alle som har fullmakt til å gjennomføre anskaffingar, og vurderer om innkjøpsseksjonen i så fall bør få ansvar for å følgja opp minimumskrava til opplæring i fylkeskommunen.*
6. *Å vurdere om det er mogleg å finna betre metodar for å innhenta meir pålitelege data for måtalet «andel kjøp innanfor avtale»».*
7. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.2.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kopi til:  
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA